



ÅRSPLAN NYBØ BARNEHAGE

2023 - 2024

VELKOMEN TIL NYBØ BARNEHAGE

Me har åpent mandag til fredag 07.30 - 16.30

Nybø barnehage har to avdelingar i Fylkesmannsgarden med plass for 40 barn, og ei småbarnsavdeling i Skrivargarden med plass til 12 små.

Barnehagen er kommunal og blir driven etter Lov om barnehage, Rammeplan og kommunale vedtekter. Denne årsplan seier noko om korleis me legg opp drifta og tenestetilbodet ut frå dei rammene og retningslinjene me har

Barnehagen ligg idyllisk til nede ved fjorden og stranda. Me har gåavstand til sentrum og me har fine nærområde som me nyttar mykje. Me er opptekne av å vere mykje ute. Me legg vekt på å la ungane få oppleve bygda si ved t.d. å oppsøke ulike område, gardar og arbeidsplassar. Leiken er ein viktig læringsarena for ungane.

Desse jobbar i Nybø pr. no:

Styrar	Ingebjørg Breisnes	100%
Ped.leiar	Tonje Gram Sjøthun	80%
Ped.leiar	Aud Torun Strømseng	100%
Ped.leiar	Henriette Rendedal Thue	100%
Barnehagelærar	Dorthea Otterlei Møn	100%
Barnehagelærar	Andrine Elennie Nornes	100%
Barnehagelærar	Sunniva Sandven	100%
Barnehagelærar	Ole Martin Uvaas Huseby	100%
Fagarbeidar	Anne Grete Solbjør	100%
Fagarbeidar	Siv Krosshaug	100%
Fagarbeidar	Soleana G. Letemichael	100%
Fagarbeidar	Keyty Planeta	100%
Fagarbeidar	Agathe Skarsbø Dale	100%
Fagarbeidar	Karoline Ølnes Hamre	100%
Assistent	Kjetil Aasen Levorsen	100%

Nybø barnehage

Besøksadressa: Sognejordvegen 92 og Skrivarv.1

Postadressa vår er: Skrivarvegen 1, 6863 Leikanger

Du når oss på telefon:

Kontor: mob. 9059 21 51

Trost: mob. 9909 7968

Stare: mob. 9909 7971

Skrivargarden: mob.4748 9676

e-post: ingebjorg.breisnes@sogndal.kommune.no

Heilt kort, barnehagen sitt samfunsmandat:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta ivare barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Velkommen til avdeling Stare



Velkommen til avdeling Trost



Velkommen
til avdeling
Skrivar-
garden

Nybø har dette året søkt permisjon frå å ta i mot studentar frå HVL. Men me tek i mot elevar frå vidaregåande og grunnskulen. Me tek også i mot lærlingar og andre i språk- og arbeidspraksis.

DAGSRYTME

- 07.30 barnehagen opnar
07.30 frukost fram til kl. 08.30, barn må då vere komne seinast til kl. 08.10
09.30 frukt og grønt
09.30 samling/leik/aktivitetar/turar o.l.
11.30 formiddagsmat
12.00 uteleik/ soving
14.30 mellommåltid/frukt ute-/inneleik
16.30 barnehagen stengjer



Kjernetid: 09.30 - 14.00. Aktivitetar og turar

Ein dag i veka er 5-åringane på gym

Ein dag i veka ønsker avdelingane ha eit varmt måltid.

Ein dag i veka har me turdag. (fredag)

Ein dag i veka har dei eldste fast pedagoggruppe..

Ein dag i månaden har dei eldste i alle barnehagane skulekamerattreff.

Barnehagen er ein læringsarena. Gjennom rutinar, leik og samvær med andre, opplevingar og aktivitetar i kvar dagen får barna lærdom og livserfaring. Me ser det som viktig at ein har ein viss dagsrytme som ei ramme for barnehagekvarldagen, og at ein er fleksibel og kreativ innanfor denne ramma.

Me ber om at foreldre respekterar dagsrytmen, kjernetida og arbeidstida til borna og dei tilsette, og at foreldre ringer eller gir beskjed om noko skjer innanfor denne tida. (Kjem seinare, skal på noko, blir henta før...)

Me skal og ha beskjed /samtykke viss andre skal hente barnet, eller barnet skal vere med andre heim.

Plandagar i barnehagen dette barnehageåret året: 11. og 14. august og 3. november 2023

2. januar og 10. mai 2024. Bhg. er då stengt. Atterhald om endringar.

To plandagar i august før nytt bhg. år 13. og 14. august 2024

KVALITET FOR NYBØ BARNEHAGE ER:

- at miljøet er trygt, både fysisk, psykisk og sosialt for barn, foreldre og personale
at det i så stor grad som mogeleg er samsvar mellom behov, ynskje og tilbod
at det er god kommunikasjon mellom alle partar
at samarbeidet mellom heim og barnehage er godt
at det er god fagkompetanse i personalet
at me er mykje ute i natur og nærmiljø
at me gir barna rike og gode opplevingar
at barnehagen er ein god læringsarena for barna
at alle trives og har det godt



Kommunale satsingar for bhg.



Nybø barnehage har som tema dette året; meg, min familie, kropp, kjensler, eigne grenser og respekt for andre sine grenser

MEDVERKNAD

Barna skal ha høve til å medverka på eigen kvardag.

Dei skal gjevast høve til å vere med å planlegge, vurdere og utvikle kvardagen sin. Me vaksne må vere lyttande og samtale med barna for å få fram deira ynskje og deira meininger.

Døme: Kor har dei lyst å gå på tur, kva skal me ta med, kva har dei lyst å ete, kva vil dei leike, kor vil dei leike.....

Gjennom samtale med barn, der ein stiller opne spørsmål og undrar seg i lag, kan me vaksne få fram barna sin tankar og ynskje, trivselog behov,

Foreldra spelar og ein viktig rolle på dette området ved at dei kan formidle det barnet fortel dei. Å ta barna sin medverknad på alvor føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom foreldra og personalet.

LEIK=LÆRING

Den vaksne sin rolle i leiken: me skal legge til rette for leik; miljø og materiellmessig. Me skal gi næring og stimulering til leiken og passe på at ingen blir haldt utanfor, samtidig skal me ha respekt for at nokon vil ha ro og fred. Gjennom leiken lærer barna noko om samspele og sosial normer og reglar. Me vaksne kan delta i leiken på barna sine premiss og tilføre barna kunnskap gjennom leiken. Me må organisere og gi tid til leik og vere tilgjengelege vaksne.

Leiken er den viktigaste forma for aktivitet i barnehagen og i barnet sitt liv. Leiken er med på å styrke barna si sjølvkjensle og sjølvstende. Den som leiker innordnar seg, tek rollar og får erfaringar om seg sjølv i eit sosialt fellesskap. Gjennom leiken lærer barna og samspele med andre, dei lærer seg å kommunisere, vere i eit fellesskapen og dei lærer sosiale speleregler. Leiken er og fin for å bearbeide inntrykk og opplevingar. Leiken er indremotivert og lystbetont. Barn leiker fordi det er kjekt.

Barn lærer gjennom leik. Å leike i lag overfører kunnskap, holdningar, verdiar, normer og reglar direkte frå barn til barn. Forsking visar at leiken har stor verdi for barnet sin forståing og oppfatningsevne seinare i livet.

SOSIAL KOMPETANSE

Barnehagen jobbar kontinuerlig med sosial kompetanse. Målet er at barna skal få ein kompetanse som gir dei eit godt utgangspunkt for å meistre livet seinare. Både eige liv, men og livet som ein del av eit større samfunn. Lære å bli eit robust gagns menneske.

Gjennom barnehagekvardagen skal barn gis høve til å t.d. lære og meistre å møte motgang, glede og sorg, lære å ta omsyn og vente på tur, lære å løyse konfliktar, lære å meistre sinne, lære å meistre samspele med andre, sette ord på eigne kjensler og lære seg sjølv å kjenne ved å utvikle og styrke eigen identitet og sjølvkjensle. Å bygge god sosial kompetanse hjå barn meinar me er med på å førebyggje mobbing og utesetjing og er med på å styrke deira psykiske helse. Du som forelder har ein viktig rolle i å bygge god sosial kompetanse hjå barnet ditt.

FORELDRESAMARBEID

Foreldre/føresette er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Barnehagen skal bistå heimen i deira omsorg- og oppdragaroppgåve. Det er derfor naudsynt med eit godt og nært samarbeid. Alle nye får inkalling til ein oppstartsamtale for å bli godt kjent. Den daglege og uformelle kontakten legg grunnlaget for dette samarbeidet. God informasjon skapar tryggleik. Viktig informasjon må bli formidla slik at barnet kan få det trygt og godt i barnehagen. Det er derfor viktig at forledre tek seg litt tid til samtale i hente- og bringesituasjonane, eller tek kontakt/ringer eller avtal møte. Ikkje gå og "ber" på noko- Me er her for ditt barn. Den årlege foreldresamatalen gir godt høve for ein roleg god prat, men det er viktig å ta opp problem eller saker etter kvart som det evt. oppstår. AU er foreldra sitt arbeidsutval, det består av to-tre valde representantar frå kvar avdeling. I tillegg har foreldre ei dugnads- og fest-nemnd. SU er barnehagen sitt samarbeidsutval. Utvalet består av ein foreldrerepresentant (nestleiar i AU), ein representant frå dei tilsette i barnehagen og ein representantar frå eigar. Hovudoppgåva til SU er å sikra samarbeid mellom foreldra/føresette, barnehagen og kommunen/eigar. Styrar er sekretær for SU

MOBBING

MÅL: Barnehagen skal medvirke til at ingen barn eller vaksne skal bli utsett for krenking eller handlingar som mobbing, vold, rasisme, diskriminering eller uteslenging.

I Rammeplan for barnehagen står det at barnehagen har ansvar for barna sin omsorg og læringsmiljø og for å fremje positive handlingar som motverkar avvisning, mobbing og vold.

Mobbing: Sosiale prosessar på avvege og kjensler på ville vegar. Mobbing og handlingar frå barn/vaksne som hindrar opplevinga av å høre til å vere ein betydningsfull deltakar i fellesskapet og mogelighet for medverknad.


Barnehagen vil :

- Ha null toleranse for mobbing. Følge med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak
- Kvart år jobbe med sosialkompetanse og kvar haust ha vennskap og god åtferd som tema. Følge opp handlingsplan og årshjulet.
- Stoppe og markere tydelege grenser ved uakseptabel åtferd
- Vere lydhøre og tilstades der mobbing kan skje
- Gripe raskt inn og følgje opp negativ adferd/mobbe-episodar
- Samarbeide tett med heimen. Ta opp hendingar direkte med foreldre til dei det gjeld. Evt. kalle inn foreldre/foreldregruppe til møte [Sogndal – BTI – Betre tværfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune \(betreinnsats.no\)](#)
- Ta opp tema som omhandlar korleis vi har det og korleis saman sikre at alle har det bra. Felles ansvar.

Ny Mobbellov, tredde i kraft 01.01.21 Den krev Handlingsplikt.

Me vil følgje og forventar at føresette og andre og føl FN's konvensjon om barnerettane. Under ligg ei lenke til ein fin morsom sang om barnerettane

[Redd Barna/Tomas Drefvelin - Barnas rettigheter \(2013\) - Bing video](#)



TILVENNING/OPPSTART NYE BARN

Barnehagen kallar nye foreldre inn til gruppemøte før sommaren. Barnehagen sender ut brev ang. tid for oppstart for å tilrettelegge best mogeleg for å gi barna og deira foreldre ein trygg og god start på barnehagetida. Viktig at foreldre set av fleire dagar til oppstart. Bruk permisjonstida eller feriedagar til oppstart.

Me legg vekt på å:

- * ha tett samarbeid med heimen. Korte dagar i starten!
- * tilrettelegge gode tilhøve for dei nye barna og i overgangen møte, så langt råd, deira vanar og behov
- * laga gode rutinar og skape tryggleik
- * bli kjend med barna og føresette og få høre deira historie. Oppstartsamtale
- * få igang god leik både ute og inne
- * få gode grupper der alle kjenner tilhøre, får ta del og medverke

Rammeplanen legg vekt på foreldra sin rett til medverknad og samarbeid.

For å sikra dette har barnehagen blant anna desse samarbeidsformene:

- * oppstartsamtale og foreldresamtalar
- * foreldremøte haust og vår
- * foreldre er deltagande på evaluering av barnehagen gjennom AU
- * brukarundersøking
- * foreldre får høve til innspel til årsplan. SU skal godkjenna årsplanen.
- * SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.
- * uformelt samarbeid ved bringe- hentesituasjonar og ulike samankomstar som FN, foreldrekaffi, dugnad m.m

Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for å sikre at alle barn skal trivast og ha det bra. Samarbeidet skal alltid ha barnet sitt beste som mål. Ikke berre eige barn, men alle barn.

VURDERING

MÅL: Sikre best mogeleg kvalitet, fornye og vidareutvikle oss og barnehagen.

Trekke med og gjere vurderingar tilgjengeleg for andre og få til openheit og debatt om barnehagen sine mål, innhald, oppgåver, kvalitet og tilbod.

Nytte vurderingar som grunnlag for nye planar og som dokumentasjon

Vurdering gjennom beskriving, analyse og tolking av arbeidet i forhold til lov, rammeplan og vedtekter.

Korleis:

Fortløpende vurdering av barnas trivsel, utvikling og samspele.

Vurdere tryggleik, tilbod og kvalitet.

Pers. vurdere innhald, organisering, prosessar, resultat m.m. på avd.

Vurdering av samarbeid og det ped. arbeidet. Vurdering/tilbakemelding ved AU

Arbeidsmiljøkartleggingar, Ståstedsanalyse og Brukarundersøkingar



Robuste barn og unge: Sogndal og Luster kommune har eit samarbeidsprosjekt.

Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takle medgang og motgang i livet. Dei skal få likt høve til å utvikle ei god robust psykisk helse.

Me ønsker saman med deg som forelder å jobbe for at ungane i Nybø skal bli robuste barn. Dvs. blant anna må me

Lære dei å tåle få eit nei og sjølve seie nei til noko.

Lære dei å verte sjølvstendige og ta ansvar og ha tru på seg sjølv

Gi dei ein indre struktur og indre tru på at dei er noko verdt sjølv om ting endrast
Fastholde normer og rammer " slik er det her i vår fam..... her i vårt hus..."


Innvolvere barnet og gi dei eigarskap til normene ved at dei blir involvert og er med på å ta avgjersler. Slik blir dei og forplikta til det dei gjer. Her heng vi sjølv opp jakken vår.

Ha fokus på prosessen meir enn resultatet. I stade for å seie så flink du er, så sei heller Kva syns du om det? Fortell meg om Korleis gjekk det?

Speigla og vere i kjenslene saman med barnet. I stede for å kommendere barnet til å t.d. legge seg, så seie : Du er trøtt, men har det gøy. No hjelper eg deg av med kleda, så kan du gå og legge deg. Eller; No byrjar du å rydde, så kjem eg og ser etter deg om ei lita stund.

Annerkjenn barnet sin kjensle. men hold fast på normene!/grensene

TRYGGLEIKSSIRKELEN




Som vaksne må me både støtte og utfordre barna våre.

Me vaksne er barna sin tryggleik. Den dei kan komme til når dei treng trøst og nærliek. Den som skal annerkjenne og sette ord på kjenslene deira. Den som tek vare på dei når noko er for skummelt.

Når barna utforskar og bevegar seg ut i ukjent tereng skal me vere der å heie på dei, oppmuntre dei, hjelpe dei og glede oss når dei meistrar nye ting samtidig som me og passe på dei.

Me må vere den gode vaksne som kan vere den trygge basen og havna dei kan komme til samtidig som me må lære dei å tote utfordre seg. Me må lære dei å takle motgang utan at dei misser taket eller gir opp.



Førebyggande arbeid

Det er viktig at barnehagen jobbar førebyggande. Me har derfor laga oss eit årshjul der me har faste tema og stoppunkt der me sjekkar systematisk ut korleis einskildbarn har det og korleis gruppa har det. Å ha innsikt i og kunnskap om barna sin trivsel, relasjoner, tryggleik og meistring i kvardagen er viktig at me som vaksne kan og veit noko om. På den måten kan me legge tilrette for og følge tettare opp der det er behov. Behov hjå einskild barn eller i gruppa. Om eit barn utfordringar veit me at det er viktig og komme tidligast mogeleg inn med hjelp, støtte og tiltak.

Å lære barna tidleg om ulike kjensler, sette ord på kjensler, takle medgang og motgang, sosiale speleregler og meistre å sette grenser for seg sjølv og respektrere andre sine grenser er kunnskap dei vil ha nytte av heile livet. Å bygge robuste barn som klarar takle dei utfordringane dei vil møte i livet er viktig!

August

2023

Kalendermåned

Kalenderår



måndag

tysdag

onsdag

torsdag

fredag

laurdag

søndag

07

01

02

03

04

05

06

14



Plandag, Bhg.

08



Velkommen til
nytt bhg.år

09

10

11



Plandag, Bhg.

12

13

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

Merknader 11. og 14. august 2023 er barnehagen stengt pga plandag. Nytt barnehageår tek til 15. august.

Det er viktig at nye foreldre set av god nok tid til at barnet blir trygg i bhg. 1 - 3 veker. Merk alle klede og eigendalar med namn! Sjekk at det er nok byteklede (gensar, bukse, sokkar, truser, stilongs) Ha gode og tilpassa klede til utebruk og all slags ver.

Nye og "gamle" foreldre og barn treng tid til å bli kjende og trygge. Ta vel i mot dei nye! Ta initiativ til å bli kjente, inkluder og ta vare på kvarandre.

ENTREPRENØRSKAP/SAMARBEID MED LOKALMILJØET

Mål:

Me vil bruka ressursane i nærmiljøet til gode opplevingar og læring tilpassa barna sine føresetnader og interesser, og la barnehagen aktivt bidra i nærmiljøet.

Me vil gje barna høve til meiningsfylte møte med personar, arbeidsplassar og institusjonar i nærmiljøet vårt, og gje barna høve til å bearbeida og utdjupa opplevingane sine.

Me har tema og aktivitetar knytt opp mot nærmiljøet vårt. Me har godt samarbeid med Jakt og Fiskelaget om to fellesprosjekt, haust og vår, retta mot dei eldste barna.

Me har fast samarbeidar med dei andre barnehagane, Trygg Trafikk, politiet, brannvesenet, kyrkja og gardar i bygda.

Me har fast samarbeid med sjukeheimen. Barna er oppe og syng 1 -gong i mnd. Me legg tilrette for arbeidsformer der barna er aktive og har medverknad ved å læra gjennom å oppleva og gjera. Utveksle erfaringar.

Gjennom slike arbeidsformer vil barnehagen jobbe for å ta vare på og utvikla barna sin kreativitet, øva opp evna til å samarbeida og sjå, lære og ta vare på ressursane som finst i lokalsamfunnet vårt.

Har du som forelder ein ide på kva me kan finne på i nærmiljøet
er me glade for innspel :)

IKT

Mål: Barna skal få oppleve at digitale verktøy kan nyttast i kunnskapsinnhenting, kommunikasjon og læring.

Saman har me skapt ei felles forståing for korleis me ynskjer at barn og personale skal bruke IKT verktøyet i barnehagen. Me nyttar IKT som reiskap for pedagogisk arbeid og dokumentasjon. Me har dagen i dag, bildeframsyning frå kvar dagen i barnehagen på skjermen i garderoben og me kommuniserar og legg ut litt bilde i Vismat appen. Me lagar ulike oppslag på veggen, og me nyttar IKT inn i arbeid med fagområda og i ulike tema og aktivitetar saman med barna.

HUGS: Sjå på skjermen vår fredag/mandag!

Det går disverre sakte med oppbygging av den kommunale heimesida vår. Me har utarbeidd felles retningslinjer for bruk av bilde og film i barnehagen. Alle foreldre må skrive under eit samtykkeskjema. I Min barnehage app ligg det inne samtykke til at bhg. kan dele bilde i appen. Me minner dykk foreldre om personvernregelverket. Det er ikkje lov å ta bilde/film av andre utan samtykke. Som vaksne er me ansvarlige for å skape gode holdningar hjå barna våre.

DEI 7 FAGOMRÅDA I RAMMEPLAN

Rammeplanen legg klare føringar for kva mandat barnehagen har.

Barnehagen har sju fagområde me skal innom i løpet av barnehagetida.

Fagområda vil me ta med oss inn i barna sitt kvardagsslivet i bhg; i barna sin leik, i aktivitetar, i opplevingar, i tradisjonar, og i samarbeid og samspel med andre.

Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn der omsorg, glede, undring, leik, interesse, engasjement, medverknad og samarbeid er sentrale delar.

Dei sju fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Mengde, rom og form



September

2023

Kalendermåned

Kalenderår

Uke



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
04	05	06	07	08	02	03
11	12	13	14	15	09	10
18	19	20 Samarbeid med jakt og fiskelaget, skulekameratane Brannøving	21 Brannøving	22	16	17
25	26	27	28	29	23	24
					30	

Merknader Fiskedager i Nybøstrondi for alle Skulekameratane.

Me treng enno litt lengre tid til å bli kjende og trygge. Me er i gang med å lage gode grupper. No kan du som ny få samtale med oss.

Viktig for barnet ditt! Det byrjar bli haust så ha med gode klede tilpassa vèr. Nok byteklede. **Hugs merking!!** Ta med regnklede og dressar til vask når dei er skitne eller til tørk viss dei er våte. Sjekk og at strikkar og knappar er i orden og at regnklede og støvlar er tette. Det er også viktig at kleda er passe store. Hold orden på barna sine plassar.

Foreldreråds- Foreldremøte 5. oktober, set av dagen!



På heimesida til Trygg trafikk Sogn og Fjordane og Barnas Trafikklubb kan einfinna nyttig informasjon :)

Til heimeside

Barnehagane i Leikanger vart i 2015, som dei første i landet, kåra som trafikksikre barnehagar.

Barnehagane har utarbeida ein foldar som forpliktar den enkelte barnehage til å drive trafikktryggleiksarbeid. (Foreldre og tilsette) Bilbeltedyret Tarkus (handdokke) vert nytta i det pedagogiske opplæringsarbeidet. Alle barnehagar nyttar refleksvestar og har trafikk oppe som faste tema i løpet av året.

Det er flott å sjå at så mange føl opp foldaren "trafikksikker barnehage" Denne forpliktar foreldre, personalet og barn til å gjennomføre enkle og viktige trafikktryggingstiltak.

Så ver bevisst og føl opp ☺

TRADISJON:

FN dagen 24 okt.

Barna arrangerer foreldrekafé der dei sel betasuppe.

kr. 200,- pr. familie. Pengane går til å støtte Barnhjelpafrika, og to barnehagar Melås AS har bygd og som Nybø har støttet i mange år.

Mål for FN dagen:

Lære barna at ikkje alle har det like godt som oss.

Ved å gjere ein liten innsats kan andre barn få det betre, t.d få råd til mat, klede og gå i barnehage og på skule.



Informasjon om Barnhjelpafrika

Nærmiljø og samfunn

Det at barna får påverke det indre livet i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Han skal leggje vekt på å styrke kunnskapen om og tilknytinga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barn skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Barna har ulike erfaringar frå heimen, omgangskretsen og reiser, noko som kan gi kunnskap om ulike samfunn. Fagområdet omfattar også korleis media påverkar kvar dagen til barna. (Rammeplan)

Korleis jobbar barnehagen:

Me brukar nærmiljø til gode opplevingar og høve for å lære. Me besøker ulike områder og plassar i bygda. Me har samarbeid med Jakt og Fiskelaget, kyrkjja, Alders og sjukeheimen, og ulike gardsbruk. Me deltek på arrangement med Opplev Leikanger. Me nyttar biblioteket.

Me samlar boss, sorterer glass og metall. Me formidlar ulik historie frå bygda. Me lar barna medverke i kvar dagen sin, dei får oppleve at val påverkar både situasjonen, andre og seg sjølv. Me legg vekt på at alle får ulike utfordringar, merksem og oppfølging.

Me ønskjer møte alle likt uansett kjønn og bakgrunn.

Me jobbar for likeverd og eit mobbefritt miljø der barna skal lære grunnleggande normer, rettigheter og plikter.




Pynt til
fruktbare
dagar 2023

Oktobe

2023

Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
						01
02	03	04	05  Foreldrerådsmøte og foreldremøte	06	07	08
09 Personalmøte Haustferieveke på skulen. Meld frå til avdelinga di om barnet ditt skal ha noko fri.	10	11	12	13	14	15
16	17	18 Vernerunde	19	20	21	22
23	24  FN- kafè	25	26	27	28	29
30	31					

Merknader

FOREDLRERÅDSTMØTE og FORELDREMØTE 5. OKTOBER frå kl. 19.00 - 21.00

Markering av FN dagen 24 oktober. Me lagar kafè og inviterar dykk foreldre til å kjøpe middag. 200,- Pengane går til venskapsbarnehagen i Afrika, Barnehjelpafrika

I veke 41 er det haustferie på skulen, meld frå om barnet ditt skal ha fri heile eller deler av denne veka. Denne månaden har me ekstra fokus på trafikk.Tarkus lærer oss trafikk.

Minner om trafikkbrosjyra vår!! Den forpliktar oss, TENK TRAFIKKSIKKERHEIT!!



Psykisk helse

Det er utarbeidd ein regional plan og ein handlingsplan for arbeidet med god psykisk helse hjå barn og unge. Målet med desse planane er å få meir merksemad på arbeidet med å styrke psykisk helse og trivsel hjå barn og unge i region Sogn. Planen skal brukast aktivt og gjeld for alle som arbeidar med og for barn og unge. Den regionale planen er politisk vedteken.

Barnehagen har etterkvart fått mykje kunnskap om kva som fremmar psykisk helse. Å jobba bevisst med holdningar er viktig. Me har fått bakgrunnskunnskap og lært t.d om risikofaktorar og kjenneteikn på helsefremjande miljø. Gjennom COS: Korleis kunne hjelpe barn med kjenslemeistring og handtere vanskar. Me tenkjer at openheit og tillit er viktig, å bry seg er viktig, og å hjelpe er viktig. **Å skape eit trygt oppvekstmiljø er ei oppgåve for oss alle i Leikanger: foreldre, skule, barnehage og fritidsorganisasjonar.**

Kva gjer barnehagen:

Me har jobba med ulike tema innan psykisk helse og relasjonskompetanse. Me nyttar mykje tryggleikssirkelen. (Sjå bilde lengre framme) og erfaringar frå COS kurs.

Ungane møter temaet psykisk helse gjennom bøker, temasamlingar, i leik og aktivitetar. Læring om Sosial kompetanse og ålmenn folkeskikk er viktig. Vennskap, inkludering, holdningar og handling er noko me er opptekne av. Dei eldste er aktivt deltagane: Korleis skal oppføre meg og korleis skal me vere med kvarandre. Me er alle ulike og det er greit. Me er alle verdifulle. Me er gode nok.

Me har utarbeidd ein handlingsplan for mobbing. (0-toleranse som mål.)

Gjennom ulike materiell, som me har, snakkar me med barna om mange tema me tenkjer kan bidra til å styrke god psykisk helse. (t.d bilde under her; bambane med tema grønne og raude tankar). Me har kontaktperson ved oppstart. Me delar oss ofte opp i smågrupper. Me har, på dei ulike vaktene, delt inn ansvarsområde/rom me vaksne skal vere på. Me tek opp ulike relevante tema med foreldre. Me observerar i kvardagen og samtalar på møta våre om korleis barn har det. Me har ulike reiskapar og prosedyrar me føl opp i løpet av året. Me har samarbeid med PPT, BUP, helsesøster, barnevern, skule og andre barnehagar. Kommunen har satsing på betre tverrfagleg innsats. BTI. I Nybø har me opprettat ei eige Ressursgruppe: Aud Torun, Henriette, ei frå PPT, ein helsesjukepleiar og Styrar. Der kan me drøfte saker, anonymt eller i samarbeid og med samtykke frå foreldre.

[Sogndal – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune \(betreibehandling.no\)](#)



November

2023



Kalendermåned

Kalenderår

Uke



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
		01	02	03  Plandag, Bhg.	04	05
06 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Personalmøte</div>	07	08	09	10	11	12
13	14	15	16	17  Frist: Registrer juleferie til barna i appen !!	18	19
20	21 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Julevandring i Kyrkja 2019 kullet</div>	22	23 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Sansevandring i Kyrkja 2020 kullet</div>	24	25	26 
27 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Personalmøte</div>	28	29	30			

Merknader

Julevandringa 21. og sansevndringa 23. er blitt ein fin tradisjon. *Meld frå viss du ikkje ønskjer at barnet ditt skal vere med i kyrkja.*

Hugs registrer juleferie i appen innan 17. nov. No byrjar det bli kaldare ute. Me tilrår ull innerst og vindtett ytterst. Sokkar av ull og stilongs i staden for heil strømpebukse.

Me ønsker ikkje snorar eller skjerf i halsen!! Ungane kan fort henge seg opp. Regntøy og dressar med strikk under skoen og knapp nederst. Strikk rundt handledd hindrar vatn i å trekke oppover ermane. Vanntette vottar er og lurt. **Hugs ta våte vottar med til vase og tørk !!** Hugs set deg opp på samtale, og noter deg ned tida for samtalens.



Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldninga. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar prega norsk og europeisk kultur. Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Noreg er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektera og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den etiske rettleiinga barnehagen gir barna, må ta omsyn til føresetnadene til det enkelte barnet og den kulturelle og religiøse eller verdimesseige tilknytinga til den enkelte heimen. (Rammeplan)

Korleis jobbar barnehagen?

Me formidlar kultur, tradisjon og verdiar. Barna får kjennskap til ulike høgtider, både norske og andre kulturar sine høgtider (representert i barnegruppa) Her ønsker me at foreldre kan bidra eller seie frå om dei ønskjer at me skal markere dagar ut frå barnet sin religion og kultur, eller ikkje ønsker at barna er i kyrkja.

Me lærer dei om respekt og toleranse for ulikheiter. Me ønskjer å skape interesse og forståing for kvarandre, samt gi barna grunnleggande kjennskap til verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon som ein del av kulturen.

Me vil gi rom for samtal og undring, forteljing og tenking. Me hjelper barna til å løyse konfliktar på konstruktive og gode måtar. Me møter barna sine spørsmål og undringar med respekt og alvor.

Me lærer barna at me skal vere greie, snille og hjelpsame med kvarandre.

Me legg vekt på og ønskjer vere gode vaksne modellar.

TRADISJON: (meir info. kjem i mnd.brevet for des.)

Lucia for foreldra 13.12. (ute)

Julesamling i kyrkja 7.12.

Nissefest 15.12.

Bake pepperkakehus til biblioteket

Julevandring i kyrkja med 2019 barna

21. november og Sansevandring med

2020 barna 23. november



ADVENTSTID:

Mål for perioden:

Me vil leggje vekt på å få ei roleg og kosleg førjulstid.

Me vil ha adventstunder der me kveikjer lys og syng ulike songar som høyrer jula til og "opnar" adventskalendaren vår.

Me bakar og har hemmelege ting føre oss.

Me snakke om juletradisjonar og kvifor me feirar jul. Feirar alle jul slik som oss? Me vaksne vil kose oss og glede oss saman med ungane i denne ventetida. Nissefesten er ein kjekk tradisjon i adventstida. Barn og vaksne kler seg i nisseraudt, me har julespel og et nissegraut og nissen kjem alltid på besök.




Desember

2023

Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
				01	02	03
04	05	06	07  Julesamling i Kyrkja	08	09	10
11	12	13  Lucia med foreldre	14	15  Nisselfest for barna	16	17
18	19	20	21	22	23	24  Julafتا
25  Juledag, barnehagen stengt	26  2. Juledag barnehagen stengt	27	28	29	30	31  Nyttårsafta

Merknader

Det er viktig at de seier tidleg frå og legg inn i appen viss barnet skal ha meir fri enn registrert i romjula slik at me kan nytte ressursane best mogeleg for alle.

Den 15. desember har barna og dei tilsette vår tradisjonelle nisselfesten i barnehagen. Me et graut og kosar oss. Hugs å kle barna i nisseraudt den dagen!

Nissen kjem nok i år og, for me er alle veldig snille i Nybø :)

Den 7. desember skal vi ha adventsamling i kyrkja. *Meld frå viss ikkje ønskjer at barnet ditt skal vere med i kyrkja.*

Me ønsker alle ei fin førjulstid og ei GOD JUL.

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidleg og god språksatsing er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Kommunikasjon skjer i eit vekselspel mellom å ta i mot og tolke eit bodskap og å sjølv vera sendar av ein bodskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjon er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, reglar og songar. Viktige sider ved kulturoverføring er knytt til kommunikasjon, språk og tekst. (Rammeplan)

Korleis jobbar barnehagen:

Me vaksne er rollemodellar for barna. Me legg derfor vekt på tydeleg kommunikasjon. Me kommuniserar med barna heile dagen gjennom leik, song, lesing og samtalar. Me lyttar og gir respons. Me støttar, tilpassar og bygger opp språket til kvar einskild barn gjennom ulike språk- og tekstrformer. Me legg vekt på eit språkstimulerande miljø der barna møter dei ulike formene for språkopplevingar. Bygging av ordforråd og omgrepsforståing og støtte til dei som slit med språket er noko me har fokus på i heile barnehageløpet. Me oppmuntrar til språkleg aktivitet, leikeskriving, teljing og tekstskapning. Me lar barna møte bokstavar og tal.

Me brukar ulike former for språkstimulering. "Tall og språksprell" og "Snakkepakken" er to gode pedagogisk reiskap. Språkkassane me har bygd opp er og fine. Alle desse tek utgangspunkt i leikprega læring av språk. Me har utarbeidd ei ressursperm med ord og begrep på ulike språk me tenkjer kan nyttast opp mot framandspråklege barn og fam. [Me oppfordrar deg som forelder og lese bøker saman med barnet ditt.](#)

Språk



Språkkasse



Tema opplegg



IKT

Forståing



Lesestund



Leik og samtale




Januar

2024

Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
01 Godt Nyttår!!	02  Nyttårsdag	03	04	05	06	07
08 Personalmøte	09	10	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25	26	27	28
29	30	31				

Merknader**GODT NYTTÅR alle saman!****Den 2 januar har me plandag og barnehagen er stengt.**

Søknadsfrist for barnehageplass er 1 satt til mars

Sitat frå Vedtekten § 11: Oppseiing og opp- og nedjustering av plass. Gjensidig oppseiingstid av ein barnehageplass er ein månad justert til 1 .eller 15 i mnd. etter. Oppseiinga skal vere skriftleg. Ligg på kommunesida. Barn som har full SFO frå 1.august, får avvikle barnehagetilbodet frå same dato. Barnet **må** ha hatt fire veker ferie før dei sluttar i barnehagen.

Mengde, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og forme, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre, utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering.

Korleis jobbar barnehagen:

Barnehagen har spel, leiker og aktivitetar som fremjar barna sin matematiske forståing. Gjennom fysisk aktivitet brukar me kroppen som redskap for forståing av fagområdet. Me vaksne er bevisste på å bruke matematiske begrep. Me utforskar i lag med barna og er merksame på barna sine matematiske aktivitet i kvardagen. Me jobbar med former, teljing, storleik, likt/ulikt, sortering, mengde, mål, vekt, mønster, tal og konstruksjonar i kvardagen både i frie og tilrettelagde aktivitetar.

Døme:

Baking = mål, vekt, volum.....

Dags kalendar = tal/dato, tid,

Terning og spel = telje, mengde, rekkefølge.....

Byggeleik = former, logisk tenking, sortere.....

Leik/fysisk aktivitet = posisjon, avstand, tid, kraft, storleik.....

Teikning = likskap, ulikskap, mønster, talskriving.....



TRADISJON:

Karneval i år blir 9. februar

Kvart år har me karneval i barnehagen.

Etter ønske frå barna, har me sagt at alle skal få kle seg ut som dei ønsker.

Samefolket sin nasjonaldag. Me vil i veke 5 ha fokus på samane og samisk kultur og me vil markerar samedagen den 6 feb. Varmmat og fellessamling



Samling tema samedagen

Februar

2024

Kalendermåned

Kalenderår



måndag

tysdag

onsdag

torsdag

fredag

laurdag

søndag



05

Personalmøte

12

19

26

06 Me markerar
Samefolkets dag

13

20

27

07

14

21

28

01

08

15

22

29

02

09

16

23



Karneval i barnehagen

03

10

17

24

04

11

18

25



Merknader

Den 9. skal me ha Karneval, det er moro. Me skal og eter fastelavnsbollar og "slå katta ut av sekken" [Gi oss beskjed om du ikkje ønsker snap i posen til barnet ditt!](#)

I veke 8 er det vinterferie på skulen, legg inn i appen om barnet ditt skal ha fri heile , eller deler av denne veka!! Fint om du gjer det så tidleg du kan slik at me kan tilpasse ressursen Samefolkets dag er 6. feb. Me er opptekne av kulturformidling og vil i veke 5 ha tema samane og avrunde med å markera dagen.

Kunst, kultur og kreativitet

Ungane skal kunne møte ulike kunstneriske og kulturelle utrykk. Eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. Barna skal få høve til å prøve ut, undersøkje, eksperimentere og oppleve å skape eigne kunstneriske og kulturelle utrykk. Dei skal møte ulike utryksformer, og få bruke ulike materiale, teknikkar og verktøy. Dei skal få oppleve kunst og kulturopplevingar i saman med andre og bruke fantasiens sin, kreativiteten og skapargleda si.

Korleis jobbar barnehagen:

Me har ulike faste prosjekt der barna får bruke ulike materiale. Juleaktivitetar, påskeaktivitetar, karneval, pynt til fruktbare dagar og eventyr/drama. Me kan jobbe med arkitektur i bygda eller andre lokale kunstneriske eller kulturelle utrykk.

Barna møter ulike musikkuttrykk gjennom året.

Barna kan stille ut eigne produkt både i og utanfor barnehagen.

Barna møter ulike litteraturtekstar i løpet av året. Me ønsker at barna i løpet av året skal delta i drama eller oppleve drama utført av andre.

Kvart år har me mål om å ta i mot eller dra på ei kulturell oppleving. (film, musikk, dans eller drama)

Barna har, til ei kvar tid, tilgang til matriale dei kan nytte kreativt.

Barna skal møte naturmatriale dei kan nytte kreativt.

Barna skal møte ulike kunstuttrykk gjennom nett, bøker og bilde.


Besök av Lena Skjerdal m/venner og song forestillinga Konrad Kråkebolle og andre



Blekkulf



Kostyme til teateret om Blekkulf



Male på Stein



Ute Teater i Sogndal

PÅSKETRADISJON

Me inviterar presten på påskelunsj. Presten og medhjelpar, barna og dei tilsette er samla og et ein god lunsj med nybakte bollar og ekstra godt pålegg.

Presten har tradisjon på å fortelje påskehistoria. Me får og besök av påskeharen med påskeegg. Borna lagar påskepynt.

Lilla periode, der me legg vekt på ro og kos.

Nytt liv ute. Så frø.



Påskebesök




Mars

2024

Kalendermåned

Kalenderår



måndag

tysdag

onsdag

torsdag

fredag

laurdag

søndag

04 Frist: Registrer påskeferien til barna i appen Personalmøte	05	06	07	01 Frist for: endring av plass, søknad om plass	02	03
11	12	13	14	08	09	10
18	19	20	21	15	16	17
25	26	27	28 Skjærtorsdag	22 Påskelunsj med besök frå kyrkja	23	24
			29 Langfredag	30 	31 	

Merknader

Frist for å levere påskeferielapp er **4. mars.**

Me har invitert presten m/hjelparar til påskelunsj saman med barna og personalet 22 mars

Det blir foreldremøte i løpet av mars. Kanskje me får til eit felles temaforeldremøte med dei andre barnehagane i Leikanger. Meld gjerne inn temaønske!

Me vil prøve få til ein Kleppadag med aking og snøleik. (Viss føret(vegen opp) tillet det) De foreldre leverar og hentar barne på Kleppa. (info kjem evt.)

Me ønsker alle ein GOD PÅSKE!



Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangold av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og all slags vær. Naturen er ei kjelde til vakre opplevingar og gir inspirasjon til estetiske uttrykk. Fagområdet skal bidra til at barn blir kjende med og få forståing for dyr, planter, landskap, årstid og vær. Barna skal få ein byrjande forståing for kjærleik til naturen, samspel i naturen og mellom menneske og naturen. (Rammeplan)

Korleis jobbar barnehagen:

Me er ute i naturen og opplever og undrar oss over mangfaldet. Me utforskar og samtalar om det me ser og finn. Me eksperimentar og ser endringar i dei ulike årstidene. Me lærer barna å ta vare på naturen. Me kildesorterer papir, plast, glas og metall og plukkar boss.

Naturvaktarane våre har tema i løpet av eit heilt år: Ta vare på naturen. Me føl barna sin nysgjerrigkeit og puttar på kunnskap. Me nyttar bøker og IKT for å finne kunnskap. Me haustar og bearbeidar det me finn til å produsere eigen mat. Fisk, frukt og grønt. Me forskar med utgangspunkt i naturen.




Å gå ut og oppleve og forske i naturen sjølv, er topp. Beste læring ein kan få. Me grep opp igjen det me grov ned i haust. Kva har skjedd? Og kvifor? Kvifor passe på naturen rundt oss? Kvifor er makken viktig? Er vatnet viktig, kva med fuglane? Kva om alle trea vart borte? Kva gir naturen oss?

April

2024

Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
01 	02	03	04	05	06	07 14
2. påskedag Personalmøte						
08 Brannøving	09	10	11	12	13	21
15 	16	17 	18	19	20	28
		Brannøving				
22	23	24 Siste frist. Legg inn ferien til barna i appen !	25	26	27	
29	30					

Merknader

Legg inn i appen sommarferien til barna så snøgt du kan. NB Siste frist 24. april.

Me skal ha brannøving saman med barna der me skal evakuere barnehagen og stille oss på tilvist plass ute. Kanskje me får besøk av brannbilen

Hugs det er lurt at de tek brannøving heime og!!

Me håpar sola er byrja varme litt, så ha med tilpassa klede.

Hugs melde skulekameratane på SFO .

Kropp, rørsle, mat og helse

I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne. Ved sanseinntrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskap på mange område. Når barn kontaktar andre barn, startar dei ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utviklinga av sosial kompetanse. Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Variert fysisk aktivitet både inne og ute har svært mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppsmedvitet. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gir mange moglegheiter. (Rammeplan)

Korleis jobbar barnehagen:

Me er mykje ute og brukar kroppen, både i og utanfor barnehagen. Ute er borna meir kroppsleg aktive enn inne, og dei får bruke heile kroppen. Gjennom naturleg kroppsleg aktivitet lærer borna verden og seg sjølv å kjenna. Me nyttar natur og nærmiljø og me nyttar mulegheitene som finst der til fysisk utfalding og nytting av naturressursar. Variert fysisk aktivitet er av stor betydning for utvikling av meistring, motorikk og kroppsmedvitet. Dei eldste er ein gong i veka i gymsalen og har sansemotorisk trening. Øve opp grunnleggande ferdigheiter. Me har også fått midlar til å dra på Vesterland å ha vanntilvenning med dei eldste.

Inne legg me vekt på å trenere finmotoriske ferdigheiter gjennom, teikning, perling, klypping, veving, lego, skjere frukt og grønt osv. Dei minste får rom for å meiste og utfordre seg etter sin alder og modning.

Barnehagen vil medverka til at barna får godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile. Barna får kunnskap og forståing for korleis dei kan utvikla ein sunn kropp. I det daglege legg me til rette for eit allsidig kosthald der barna blir presentert for ulike smakar og får ta del i tillaging og servering av variert kost. Frukt og grønt vil me ha minst to gonger dagleg i barnehagen.

Målet vårt er at fysisk aktivitet skal ha større plass i kvardagen vår. Dette fordi ein veit fysisk aktivitet i tidleg alder fremmar gode vanar. Ein veit at fysisk aktivitet er viktig for helsa og ein veit fysisk aktivitet gir eit godt grunnlag for læring. Og ikkje minst ungane finn glede i å vere fysisk aktiv.

TRADISJON
17- mai
Nybø barnehage har ei eiga fane som foreldre og barn frå Nybø går bak i barnetoget den 17 mai. Ansvar for fanebering/berarar er foreldrerådsleiar.
Fana står i barnehagen og kan hentast der dagen før 17 mai.
Barnehagane stiller bak skuleklassane i toget. Me byter på plasseringa frå år til år.
Velkvar til 17 mai over me på nasjonalsangen og andre songar til 17 mai.
Før 17 mai har me ein pølsefest, 12/5, og me over oss på hurrarop og gå i tog bak fana vår.

Mai

2024



Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
		01	02	03	04	05
06	07 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Innskriving på skulen</div>	08	09 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Kristi himmelfartsdag</div>	10 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Plandag bhg stengt</div>	11	12
13 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Personalmøte</div>	14 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Overgangssamtale skule - bhg.</div>	15	16 <div style="text-align: center;"></div> <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Pølsefest og 17-mai øving</div>	17 <div style="text-align: center;"></div>	18	19
20 <div style="border: 1px solid red; padding: 2px;">2. pinsedag</div>	21	22 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Bamsegr. på skulebesøk</div>	23	24	25	26
27	28 <div style="text-align: center;"></div> <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Pilavikdag for Bamsegruppa</div>	29 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Vernerunde</div>	30 <div style="border: 1px solid black; padding: 2px;">Bamsegr. på SFO besøk</div>	31 <div style="background-color: pink; border: 1px solid pink; padding: 2px;">Kleppaovernattningstur for Bamsane frå torsdag ettermiddag</div>	<div style="text-align: center;"></div>	

Merknad All ferie må vere teke før bhg.slutt og start på SFO. Skulebarn som ikkje har SFO frå 1 aug. må seie opp, eller bet. i aug. Oppseiingsfrist er 1 mnd. frå den 1 eller 15 i mnd.

Den 10. mai har me plandag og barnehagen er stengt. I mai har me foreldresamtalar for dei eldste barna og for andre som ønsker det eller som me ønsker ein samtale med.

Den 16 mai tjuvstartar me på nasjonalfeiringa. Me vil kose oss med pølsjer og is og me går i tog og øver oss på å gå bak fana vår og rope HURRA.

Innskriving på skulen 6 el 7 mai. Eige brev om tid kjem frå skulen. Skulekameratane skal på besøk til skulen og SFO for å bli litt kjende med klasserommet og uteområde.

OVERGANG BARNEHAGE - SKULEN

Mål: Me ønskjer at borna skal få ei god avslutning på barnehagetida og at overgangen til skulen skal bli god og trygg.

Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

Overgangsplan:

-Rektor deltar på foreldremøte til skulekammeratane i september

-Barnehagen kallar inn til møte hausten året før skulestart for born med større særskilde behov og på våren ved mindre særskilde behov.

-Informasjonsskriv frå skulen til foreldre før vinterferie

-Samarbeid på tvers av barnehagane. Ein dag i mnd. treffes alle skulekameratane. I tillegg treffest me nokre gonger til felles arrangement. Skulekammeratane får og treffe skulefadderane sine nokre gonger i løpet av siste året i barnehagen.

-Foreldremøte på skulen før sommaren

-Innskriving på skulen i mai og foreldresamtale i bhg mai/juni

-Bornar er på besøk på skulen (sjå under)

-Overgangssamtale mellom lærarane og pedagogane i barnehagen

-Barnehagen markerar avslutning på barnehagetida, med overnattingstur til Kleppa. Me får låne Jakt og Fiskelags-hytta

-Personleg brev frå skulen heim til borna

-Evaluering av overgangen i september/oktober

Barnehage og skule er pålagde å samarbeide for å få til så gode overgangar som mogeleg. Vi må ha kjennskap til kvarandre sine planar og hauste erfaringar på tvers av institusjonane.

6 - åringane, Bamsegruppa, blir invitert på besøk til skulen og på besøk i Holerunane (SFO) Der treffer me læraren og får sjå oss om i klasserommet og på skuleområdet. Besøket varer ca 1 1/2 time. I tillegg går me, på slutten av barnehageåret, på tur med gruppa opp til skuleområdet og leikar for å bli kjent i området.



Årets 8 flotte skulekameratar:

Nokre viktige omgrep frå Rammeplan :

Berekraftig utvikling; Barna skal lære å forstå at handling me gjer i dag har konsekvensar for framtida. Barna må få naturopplevingar og bli kjent med omgjevnadane, naturen og mangfoldet me har. Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Me må fremme barna si evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet.

Demokrati; Barne skal få oppleve demokratisk deltaking og oppleve at barnehagen fremjar demokrati i eit inkluderande fellesskap. Åndsfridomen til barn skal anerkjennast.

Danning; Individuelle utrykk og handlingar skal verdsetjast og følgast opp i eit elles demokratisk fellesskap der samhald og solidaritet er viktig. Barna skal utvikle kritisk tenking, etisk vurdering, evne å gi motstand og handlingskompetanse som kan bidra til endring innanfor gitte normer og verdiar som er viktige for fellesskapet.

Mangfold; Barna skal oppleve at det er mange måtar å tenkje, handle og leve på. Dei skal lære å verdsette og respektere mangfold. Barnehagen skal fremme og synleggjere mangfold og sjå det som ein ressurs. Barna skal møte kulturar, variasjonar og impulsar og få muligkeit til å uttrykke eigne. Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet.

Juni

2024



Kalendermåned

Kalenderår



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
					01	02
03	04	05	06	07	08	09
Personalmøte?						
10	11	12	13	14 	15	16
17	18	19	20	21	22	23
24	25	26	27	Siste skuledag	29 	30

Merknader

Skulekameratane med føresette blir invitert på skulen sin sommarfest.

Blomegudsteneste: Me plukkar blomar og tek med oss og pyntar i kyrkja og gledar oss til ei triveleg sangstund der.

Som tradisjon tru er skulekameratane med Jakt og Fiskelaget i Pilaviki på fiskedag saman med dei to andre bhg.

Me tek til med ferieavvikling. Det vil derfor vere litt færre vaksne tilstades i barnehagen. Hugs: Ta med alt tøy m.m. og rydd plassane til barna før de tek ferie!

Blomegudsteneste ute juni 2023

Forventingar personalet har til foreldre: Me forventar at

foreldre samarbeidar med personalet og andre foreldre til det beste for barna
foreldre tek kontakt med barnehagen viss det er spørsmål, misnøye med noko, har idear eller forslag om noko
foreldre kjem på foreldremøte, foreldresamtalar og andre møte i regi av barnehagen
alle foreldre les årsplan, månadssplanar og månadsskriv og held seg orienterte om barna sin kvardag
foreldre overheld innleverings- og svarfristar
foreldre føl trafikkbrosjyren vår og felles reglar
foreldre syter for at barne har nok klede, rette klede og det utstyr dei til ei kvar tid treng

Forventingar personalet har til oss sjølv: Me forventar at

me samarbeidar oss i mellom og med foreldra til det beste for barna
me seier frå og tek opp ting med foreldre som har betydning for barna, dei tilsette og barnehagen
me informerer foreldre og foresatte om barnehagen og barna sin kvardag
me føl opp trafikkbrosjyren
me bygg gode relasjoner til barna
me føl opp borna sitt behov og så langt som råd imøtekjem foreldre
me gjer vårt beste for å ha ein god barnehage med kvalitet i tråd med rammeplan og lovverk
me held oss fagleg oppdatert og er barnehagepolitisk orientert

Forventingar foreldre har til barnehagen: Me forventar

opent og ærlig samarbeid med foreldra der ein gir tilbakemeldingar. Profesjonelle.
godt strukturert pedagogiske arbeid før skulestart med høve til medverknad.
at personalet er genuint interessert og engasjert i ungane og det dei er opptekne av. Sette av tid og ressursar nok.
at de gjer ungane trygge og gode på vaksne og på dei andre barna og gi dei sosiale meistringar, folkeskikk og grunnleggande menneskeverd.
at de gir ungane mange og gode opplevingar, leik og moro.
at foreldre får informasjon og tydelege, direkte tilbakemelding om ting som gjeld sitt barn.
at de viser barna våre omsorg og at dykk bryr dykk om dei og gi dei ein trygg kvardag.
at barna er mykje ute, og at personalet er tett på ungane både i aktivitetar og i frileik.
at de har omsorg som t.d. klede etter årstid, tilby vatn/drikke og dekke grunnleggande behov.

Forventingar foreldra har til seg sjølv: Me forventar at

me er opne og ærlige og tydelege i tilbakemeldingar med barnehagen om det er noko. Og at me visar interesse for det dei driv med i barnehagen.
me foreldre tek oppdragarrolla og føl opp ting ein må jobbe med heime og er konsekvente og flinke på grensesetting
me held oss oppdaterte på kva som skjer i barnehagen til ei kvar tid, og at me tek oss tid til å snakke med personalet ved henting og bringing
me respektere opningstida og forventingar og snakke positivt om barnehagen vår og dei som jobbar der.
me reflekterar og diskuterar heime og oss foreldre mellom kva konsekvensar pressa kommuneøkonomi vil få og prioritere.
me har god kommunikasjon og ope og godt samarbeid om barnet. Tore gi beskjed og ta imot beskjed og kunne skilje personleg og fagleg tilbakemelding.
me stille opp på dugnad, møter og tilstellingar/festar og ha eit godt samarbeid med barnehagen
me er gode rollemodellar for barna våre, det er me som har ansvar for barna sin folkeskikk
me syte for tryggleik på parkeringsplassen, parkering, bil på tomtgang, lukke porten



Juli

2024

Kalendermåned

Kalenderår



måndag

tysdag

onsdag

torsdag

fredag

laurdag

søndag

01

02

Me ønsker alle ein knakande god sommar!

08

09

10

11

12

15

16

17

18

19

22

23

24

25

26

29

30

31

06

07

13

14

20

21

27

28

Merknader: Henjahugane og Nybø blir slått saman til sommarbarnehage. Enno ikkje tidfesta når. Det kan og bli aktuelt med stengt 2 veker. Nærare informasjon vil i så fall komme
Ferieavvikling: færre vaksne vil vere tilstades og ein vil ikkje klare ha kjende vaksne på jobb til ei kvar tid. Deler av ferien vil me slå saman våre tre avdelingar, alt etter
tal barn og tilsette. Saman med dykk foreldre må me prøve få til beste løysinga for oss her i Leikanger. Kanskje 1-2 veker stengt, som SU løfte fram,(28 og 29) er ei betre løysing enn
sommaropen bhg. og færre vaksne resten av året. Ved lite påmelde barn vil me ta kontakt. Rydd og ta med deg alt på barna sin plass før de dreg på ferie. **NYT FERIEN!**

Tradisjonar i Nybø: (nokre av desse er og nemnt andre steder i årsplan og nokon ikkje.)



Markering av barnehagetida. Dei borna som skal til på skulen i august drar på overnattingstur til Kleppa i byrjinga av juni saman med nokon i personalet. Der grillar me, leikar oss, går fjelltur og er i froskedammen m.m. I det heile så kosar me oss veldig. Foreldre kører borna opp til 16.30 og hentar dei dagen etter i 14.00 tida. Foreldre syter for at det blir vaska etter oss i hytta. Det er informasjonsmøte med foreldre på førehand. Barna får eiga «minneperm» med litt bilde og teikningar når dei sluttar. I løpet av det siste året møtest skulekameratane i alle dei tre barnehagane minst 1 gong i mnd. til leik og moro for å bli kjende før skulestart. Me har og treff og godt samarbeid med skulen.

Bursdagsfeiring: Me heng opp flagg. Bursdagsbarnet får vere hovudperson i samling og bestemmer innhaldet i samlinga. Bursdagsbarnet får bestemme mat etter bursdagsmenyen og vere ordensbarn. Me samlast til dekka bord med kvit duk og tende lys. Bursdagsbarnet får krone og eige bursdagsservice. Me syng bursdags-song m.m. Om ikkje barnet er i barnehagen den dagen det har bursdag ber me foreldre avtale med oss når det passar å markere bursdagen i barnehagen. Ikkje del ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen!

Sansemotorisk trening: Dei eldste, barnegruppa, er på ungdomskulen i gymsalen 1 time i veka. Der vektlegg me ulik trening basert på leik og lytting. Dette året har me og fått midlar for å kunne dra nokre turar på bading i Kaupanger/Vesterland. Me oppfordrar og dykk foreldre til å ta med barnet ditt på bading. Å bli svømmedyktige er viktig!

Nærmiljø: Barnehagen er mykje ute. Det er viktig at barna blir kjent i nærmiljøet. Me brukar ulike leikeplassar rundt om i bygda. Spesielt Lunden og stranda. Me tek turar til sentrum. Me går på biblioteket og les og låner bøker. Me ønskjer og å kunne dra på besøk til ulike arbeidsplassar i bygda. Kanskje de foreldre kan hjelpe til/invite til det?

Tema: Me vel ut tema me skal arbeide særskild med. Det å dukke i djupna på eit område/emne gir oss mykje kunnskap og mange gode opplevingar. Me dreg inn dei ulike fagområda i temaene og i årssyklusen vår. Sjå mnd.brevet som blir sendt ut kvar mnd. Sjå bilde og les elles på skjermen i fingarderoben.
Elles har kommunen satsingar som gjeld alle barnehagane: Livsmeistring- robuste barn og unge. Inkluderande barnehage. (Betre tverrfagleg samarbeid (BTI) Laget rundt barnet - tilpassa opplæring/utvikling. Barnehagen sin innsats mot mobbing (BIM) I tillegg har vi eit fagnettverk felles for alle kommune i indre sogn region. Alle desse satsingane handlar om det same; Jobbe for barn og unges beste individuelt og saman.

Foreldresamarbeid: Me har to foreldremøte i året, haust og vår. Fint om de foreldre seier noko om kva evt tema de tenkjer er kjekt å diskutere på forledremøte. Kvar haust har me oppstartsamtale med nye og foreldresamtalar. Om våren har me samtale med dei som skal til i skulen, samt andre som ønskjer samtale. Samtalar kan og takast når det er behov elles. Me markerar FN-dagen med sal av betasuppe til inntekt for Barnehjelpafrika. Me har førjulskos i desember med gløgg og lussekattar. Me ønsker dugnad i samarbeid med dugnadsnemnda. Foreldrefestnemnda arrangerar juletrefest (i mediateket) og sommarfest i barnehagen for barn, foreldre og tilsette. Me har fellesmøte, før sommaren, med dei nye som skal byrja i barnehagen om hausten. Me har felles foreldremøte med skulestartarane i sept. sist bhg.året Alle foreldra er med i foreldrerådet. Foreldrerådet vel foreldre som sit i barnehagen sitt AU og SU. (5-6 foreldre.)

Andre ting: Barnehagen sender ut månadsplan, månadsbrev og anna info. Fredagar har me turdag. Ca 1 gong i mnd. kan dra på sjukeheimen og syng og pratar med dei eldre. 1 dag i løpet av vinteren/våren prøver me få til ein akedag på Kleppa. Ein dag i løpet av juni er blåklokken på besøk til museet i Kaupanger. Me tek buss inn og ut. Dei eldste skal ein dag i løpet av året besøke ViteMeir på Kaupanger. Me prøver arrangere ein kinodag for bhg. i Sogndal. Kanskje me treng støtte av foreldre til å dekk deler av utgiftene til bilett, Sjå elles i årsplan. Me set pris på foreldreengasjement så kom med idear, forslag og tilbakemeldingar til oss. Det er saman me kan lage ein god barnehage for barna og oss alle.

August

2024



Kalendermåned

Kalenderår

Uken:



måndag

tysdag

onsdag

torsdag

fredag

laurdag

søndag

05

06

07

01

02

03

04

12

13



Plandag. Bhg. er stengt

14



Plandag. Bhg. er stengt

15

Velkommen til nytt
barnehageår

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31



Merknader

Velkommen til nytt barnehageår! Håpar alle har hatt ein god sommar. Når denne årsplan blir laga er det enno ikkje heilt klart når plandagane blir denne mnd. Skuleruta styrer dette, men mest sannsynleg blir det 10 og 11 aug. eller 11 og 14 aug. Me tek i mot nye barn og foreldre og skal bli kjende med dei. Nye vil få info. om dato og tid for oppstart. Ta vel i mot dei nye! Å bli inkludert, kjent og trygge med kvarandre og i gruppa er viktig. Hugs merk namn på alt av klede og utstyr. Ta kontakt med oss om det er noko!



September

2024

Kalendermåned

Kalenderår

Ukens



måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag	laurdag	søndag
02	03	04	05	06	07	01
09	10	11	12	13	14	08
16 Brannvernveke . Brannøving	17	18	19	20	21	15
23	24	25	26	27	28	22
30						29

Merknader

Me held fram med å bli kjende og trygge og innarbeide gode grupper og gode rutinar for resten av året. Fokuset vårt denne mnd. vil derfor vere å trygge barna, skape relasjonar og å bidra til samhold og venskap. Foreldrerådsmøte, alle foreldre, og **foreldremøte blir i veke 40**. Me forventar at du kjem på det!

Ny årsplan er under utarbeidning og kjem til oktober. Kom med tilbakemeldingar, synspunkt eller innspel til årsplan 2024 - 2025!!

